

SFO/SKS

Skulefritidsordning på Stord Kristne Skule 2021-22

Kva er innhaldet i SFO/SKS?

SFO/SKS byggjer på dei same verdiane som SKS.

SFO skal gje borna tryggleik, omsorg og ei kjensle av å høyre til.

SFO vektlegg leik, kultur, fysisk aktivitet og glede over og samver rundt måltid.

Kven kan søkje?

Stord Kristne Skule tilbyr SFO for alle born som går på 1.-4.trinn på SKS og born med særskilte behov på 5.-7.tr.

Når er SFO/SKS open?

SFO har eit tilbod før og etter skuletid, med opningstid 07:00-16:30.

SFO har tilbod dei same dagane som skulen har undervisning, og er stengt når skulen er stengt.

SFO/SKS har ikkje eit tilbod på skulefrie dagar eller i skuleferiar dette skuleåret.

Vedtekter og lovverk

Vedtektene for SFO/SKS finn du på skulen sine heimesider.

- Regelverk for SFO: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Leksehjelp/Regelverk-for-skulefritidsordningen-SFO/>
- Forvaltningslova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>
- Friskulelova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-84>
- Nasjonal rammeplan for SFO: <https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

Kva plasstypar har SFO/SKS?

På Stord Kristne Skule kan ein velje mellom desse ulike løysingar:

- ♦ Full plass: 07:00-16:30
- ♦ Dagplass: frå skuleslutt til 16:30
- ♦ Morgonplass: frå 07:00-skulestart

Korleis søker ein?

Det er rektor på SKS som tar opp elevar i SFO etter søknad frå foreldre.

Ein må søkje innan 15. juli dette skuleåret. Du finn søknadsskjema på skulen si heimeside: www.stordkristneskule.no

Eleven vil ha plassen til han vert sagt opp av foreldra, eller til eleven er ferdig på 4.trinnet.

Kva kostar det?

Styret for Stord Kristne Skule fastset satsane for SFO kvar vår.

For 2021/2022 er prisane:

Plasstype	Tid	Pris pr mnd
Full plass	07:00-16:30	3 400,00
Dagplass	Skuleslutt - 16:30	2 800,00
Morgonplass	07:00 - skulestart	1 800,00

Matpengar kjem i tillegg. Utlegg til turar kjem og i tillegg.

Kan ein endre SFO-plass?

Foreldre kan endre SFO-plassen mellom dei tre ulike plasstypene. Det må gjerast skriftleg.

SFO/SKS har ein gjensidig oppseiingsfrist på to månader frå den 1. i påfølgjande månad.

Det må betalast for heile oppseiingstida og for unytta plass.

Kan ein få redusert pris?

Frå hausten 2021 kan ein søkje om redusert betaling, då ingen skal betale meir enn 6% av hushaldet (familien) si samla inntekt.

Dette tyder at dei som har ei samla inntekt på 566.667,- i året eller mindre, vil kunne få redusert betaling.

Betalinga vert redusert til 6% av årsinntekta.

Korleis er SFO finansiert?

SFO er eit betalingstilbod der foreldra betalar for kostnaden.

Ein betalar i 10 månader for ein SFO-plass. Ein betaler fullt i september til mai, og halvt i august og juni.

Korleis søker ein om redusert betaling?

Ein søker til Stord Kristne Skule og legg ved kopi av anten skattemelding eller av skatteoppgjer, om det er motteke.